



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 22/050	Dato:	28.11.2022

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	25.01.2023	drøfting
---	------------	----------

### BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2026 – TILTAK

#### HANDSAMING:

##### Brannsjefen si tilråding

-

##### Sakshandsaming i styret 25.01.2023

##### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Saka er ei vidareføring av sak 22/050 som vart handsama i styret 14.12.2022.

Styret gjekk i forrige møte gjennom vedtaket og korleis dette skal føljest opp. Dagleg leiar fekk i oppgåve å tilpasse drifta ut frå dei rammer som til ein kvar tid er gjeldande.

Leiargruppa har arbeidd med budsjett og detaljar rundt utmelding av Etne og Suldal for å få størst mogleg presisjon på økonomiske konsekvensar som følge av uttreddet. Det vert halde attende 2 stillingar og ein tredje stilling har opphørt. Vidare vil ytterlegare ein stilling avsluttast 1.6.

Dette er ikkje tilstrekkeleg for å innfri innsparingskrav i budsjettvedtak.

Det er derfor sett i gong ein prosess for å sjå dei moglegheitane selskapet har for å redusere kostnader. Arbeidet er også forankra i samarbeidsutvalet (tillitsvalte og leiinga).

Fram til styremøte er det eit mål om å:

- ha ei detaljert oversikt som skildrar økonomisk behov ut frå eit 0-alternativ (vidare drift som i dag).
- ha ei oversikt over moglege tiltak som er mogleg å gjennomføre for å innfri budsjettvedtak.
- ha ein førstevurdering av prioritering av tiltak med oversikt over konsekvensar.

Resultat av dette vil leggest fram for eigarane i møte 4.2.2023 for deretter å verta handsama formelt i administrasjon, styre og representantskap.

## VURDERINGER:

-

Haugesund, 20.01.2023

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg: -